

Mars 2024




# Gratis å levere hageavfall

**Frå i år er det gratis å levere hageavfall på gjenbruksstasjonen.**

Har du planar om å klargjere hagen for sommarsesongen? Då har vi ein gladmelding til deg: Frå i år er det heilt gratis å levere inn hageavfall på gjenbruksstasjonen.

Det er ingen god idé å dumpe hageavfall i naturen, for slike villfyllingar blir fort yngleplassar for rotter og andre skadedyr. Lever det i staden til oss på Midtstegen gjenbruksstasjon, så sørger vi for at hageavfallet ditt blir til nyttig jord.





# Finn skattar i brukthallen

**Visste du at vi har ein stor brukthall på Midtstegen gjenbruksstasjon? Tar du turen innom kan du finne alt frå bøker, møblar og lampar til små pynteting - heilt gratis.**

Kvar dag set vi inn nye ting i brukthallen. Kva det er, kjem heilt an på kva som blir levert inn på gjenbruksstasjonen. Brukthallen er stor, og kjem du innom ofte nok kan du truleg innreie ei heil leilegheit med alle skattane du kan finne her. Det er bra for deg, og ikkje minst for miljøet.

## Håper fleire veljer ombruk

- Vi ynskjer å sette fokus på ombruk og alle miljøfordelane med det. Vi har lagt til rette for at møblar og andre fullt brukbare gjenstandar kan få "eit nytt liv". Om fleire nyttar seg av tilbodet vil fleire gjenstandar også finne vegen inn i brukthallen. Vi håper at dette tiltaket skal få fleire til å velje brukt framfor å kjøpe nytt, seier fagsjef renovasjon, Espen Elstad, i ØyVAR.

- Dess mindre avfall vi skapar, dess betre er det for miljøet.

## Kjem du innom brukthallen?

Kvar fredag er Midtstegen gjenbruksstasjon stengt. Då ryddar vi og gjer klart til laurdagens besøk. Laurdagar har vi ope frå 09.30-16.00, og måndag til torsdag har vi ope frå 10.00-19.00.

For å sørge for at alle får like moglegheiter til å finne skattar, har vi avgrensa kor lenge du kan opphalde deg i brukthallen kvar gong. Kvar besøkande har 15 minuttar på å finne skattane, så her gjeld det å tenke fort. Kjem du innom på skattejakt?



## Gjenbrukstasjonen på Straume er framleis stengt

**Gjenbruksstasjonen i Lonavegen held stengt for oppgradering og utviding fram til 2025. Alle innbyggjarar og hyttefolk må bruke Midtstegen gjenbruksstasjon.**

Den lokale entreprenøren Brødrene Ulveseth AS vann kontrakta og starta grunnarbeidet på den nye gjenbruksstasjonen i vinter. Den nye, utvida og oppgraderte gjenbruksstasjonen opnar igjen i 2025. Alle innbyggjarar og hyttefolk må derfor bruke Midtstegen gjenbruksstasjon i Midtstegen 50 i Skogsvåg i byggjeperioden.



**Takk for at du kjeldesorterer!**





# Hjelp oss å unngå forsøpling

**Det er berre glas- og metallemballasje og tekstil som kan kastast på returpunkta. Likevel dukkar det stadig opp anna spesialavfall, som krev store ressursar å fjerne.**

Nesten kvar veke må renovatørar rykke ut etter at nokon har sett frå seg farleg avfall, madrassar, sofaer, sofaputer og anna boss rundt konteinarene på returpunkta. Dette er avfall som må leverast til gjenbruksstasjonen på Midtstegen i opningstidene. Miljøpunktet på Tjeldstø tek i mot farleg avfall, el-avfall, papp og papir, hushaldsplast og kvitevarer.

Oppryddinga etter slik forsøpling krev store ressursar og tid. For kvar gong ØyVAR sine renovatørar finn avfall som ikkje høyrer til på returpunkta, må eigne lastebilar rekvirerast. Forsøplinga er også utriveleg for lokalmiljøet.

Heldigvis er dei fleste gode på å sortere glas- og metallavfall, og levere spesialavfallet sitt på riktig stad. Det set vi stor pris på. No håper ØyVAR at fleire vil jobbe saman for miljøet og gjev ei viktig påminning om kva som kan kastast på returpunkta.



## I glas- og metallemballasje - konteinaren kan du kaste:

- Glasflasker, både klart og farga glas.
- Glaskrukker
- Hermetikkboksar
- Mjuke metallboksar
- Aluminiumsfolie
- Øl- og boksar
- Metallokk/ korkar
- Telyskapslar

## Du kan ikkje kaste:

- Porselen, keramikk, krystall
- Speil
- Vindusglas
- Ildfaste formar
- Lyspærer/batteri
- Malingsspann
- Metallgjenstandar som ikkje er emballasje (til dømes steikepanne, kasserollar, bestikk, bildelar, skruer og spiker)

## Søk midlar til å rydde i nærmiljøet

Handelens Miljøfond oppfordrar kvart år idrettslag og foreiningar til å bytte ut dugnadssalget av sokkar og produkt med ryddedugnader i sitt eige nærmiljø. Dette kan idrettslag eller foreiningar søke om opptil 500 kr per barn/ungdom i midlar til. Midlane kan gå mellom anna til mat til frivillige, symbolsk godtgjersle til skuleklassar, løn til dei som administrerer og koordinerer store aksjonar, og til transport.

I fjor delte Handelens Miljøfond ut 22 millioner kroner til 94 frivillige ryddeprosjekter. Forutan idrettslag og foreiningar, vart også mellom anna skuleklassar tildelt økonomisk støtte. ØyVAR oppfordrar idrettslag og foreiningar i Øygarden til å bruke tilbodet og søke støtte til ryddeaksjonar i nærmiljøet.

Vil idrettslaget eller foreininga di søke støtte i år, må du sende inn ein søknad. Meir informasjon om korleis du søker finn du på:

[www.handelensmiljofond.no](http://www.handelensmiljofond.no)

## Vellykka beredskapsøving

I ØyVAR har vi faste beredskapsøvingar for å vere førebudd om vassforsyninga skulle forsvinne i ein krisesituasjon. Vi testar at pumpe og aggregat verkar og vi tek jamlege vassprøver av vatnet i nødvasstanken slik at den alltid er klar til bruk. I slutten av januar hadde vi ei beredskapsøving. Denne gongen testa mellom andre driftsoperatørane Geir og Hidray påkoplinga til nettet, og øvinga var ein suksess. I løpet av få timar kunne vi forsyne eit bustadområde på Toftøy med vatn frå denne nødvasstanken.

Sjølv om ØyVAR kan få i gong vassforsyninga i løpet av nokre få timar i ein nødsituasjon, oppfordrar vi likevel innbyggjarane i Øygarden til å følgje myndigheitene sine beredskapsråd om mellom anna å ha ni liter drikkevatt per person i beredskap heime.







**I Øygarden brukte vi 10,30 prosent mindre vatn i 2023 enn vi gjorde i 2020.**

**Klarar vi å spare endå meir vatn i år?**

# NY APP

## Slik gjer du det:

1. Finn og last ned appen MinRenovasjon i Google Play eller App Store.
2. Gå inn i appen på mobilen din.
3. Slett adressa som allereie er lagt inn. På iPhone: trykk og hald på adressa, dra mot venstre. På Android: Trykk og hald på adressa, vel "slett".
4. Vel "Legg til sted" eller trykk + i høgre hjørne.
5. Vel kommune og adresse på nytt.
6. Klikk på "Tømmekalender" og sett varsel.



## Har du lasta ned MinRenovasjon?

I den nye appen vår finn du oversikt over tømmekalender og anna viktig informasjon.

ØyVAR skifta app i fjor og den gamle appen vert ikkje lenger oppdatert. Du må derfor laste ned den nye appen MinRenovasjon for å få informasjon og datoar for komande avfallstømmingar. Du kan også få gratis varsling om når det er på tide å sette fram avfallsdunken, dersom du endrer innstillingane på telefonen din til å tillate varslar. I mobilappen finn du også oversikt over dei ulike miljøstasjonane våre og kart over kor næraste returpunkt er og kva du kan levere der.

## Vårreingjering



Det blir varmare i vêret og då treng skitne bosspann ein vårvask for å unngå lukt og fluger.

Spyl bosspannet med hageslangen eller høytrykkspyler.

Er det ekstra skittent? Bruk lunkent vatn med litt eddik i og skrubb.

La det skitne vatnet renne ned i ein kum og samle opp restar i ein bosspose, så ikkje flugene blir verande rundt huset.

Nye prisar for 2024  
Les meir på [oyvar.no](https://oyvar.no)



Følg oss på Facebook og få oppdatert informasjon



[oyvar.no](https://oyvar.no)

Tlf: 56 31 59 30

E-post: [postboks@oyvar.no](mailto:postboks@oyvar.no)

## OPNINGSTIDER PÅ GJENBRUKSTASJONEN OG MILJØPUNKT

**Lonavegen 20, Straume**  
Gjenbrukstasjon stengt.

**Midtstegen 50, Skogsvåg**  
Måndag–torsdag: 10.00–19.00  
Fredag: STENGT  
Laurdag: 09.30–16.00

**Miljøpunkt Tjeldstø**  
Onsdag: 10.00–18.00

**Opningstider i påska**  
25.03 - 27.03:  
Vanlege opningstider  
28.03 - 01.04: Stengt